



Bygland kommune

Kompetansesenteret

Barne og familiedepartementet
Postboks 8063 Dep.

0030 Oslo

330.01
2005/02756

- 145

Vår ref:
2005/497 - 0

Sakshandsamar:
Line Håberg Løvdal, ☎

Arkivkode:
A21

Dato:
01.12.2005

Høring Bygland kommune- forslag til forskrifter ny barnehagelov

Bygland kommune har handsama høring forslag til forskrifter ny barnehagelov i Driftsutvalet 29.11.2005.

Driftsutvalet fatta følgjande vedtak til uttale om høring forslag til forskrifter ny barnehagelov:

1. **Bygland kommune tilrår at dei forholdstala som departementet skisserer vert halde ved lag, dvs. ein pedagogisk leiar per 14-18 born når borna er over tre år, og ein pedagogisk leiar per 7-9 born når borna er under 3 år.**
2. **Bygland kommune ynskjer ikkje at det vert gitt løyve til varige dispensasjonar frå utdanningskravet. Dette gjeld både med tanke på styrar og pedagogisk leiar.**

Driftsutvalet slutta seg samrøystes til innstillinga frå rådmannen.

Saksframlegg til handsaminga følgjer vedlagt, vedlegg 1.

Barnehagane og Utdanningsforbundet i Bygland kommune har kome med innspel til saka. Deira innspel følgjer vedlagt, vedlegg 2 og 3.

Med helsing

Line Håberg Løvdal

Line Håberg Løvdal
sakshandsamar

Vedlegg:

1. Saksframlegg
2. Uttale frå barnehagane i Bygland kommune
3. Uttale frå Utdanningsforbundet i Bygland kommune.



Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
56/05	Driftsutvalet	29.11.2005

Høyring Bygland kommune- forslag til forskrifter ny barnehagelov

Rådmannen si innstilling:

1. Bygland kommune tilrår at dei forholdstala som departementet skisserer vert halde ved lag, dvs. ein pedagogisk leiar per 14-18 born når borna er over tre år, og ein pedagogisk leiar per 7-9 born når borna er under 3 år.
2. Bygland kommune ynskjer ikkje at det vert gitt løyve til varige dispensasjonar frå utdanningskravet. Dette gjeld både med tanke på styrar og pedagogisk leiar.

Saksprotokoll i Driftsutvalet - 29.11.2005

Handsaming:

Driftsutvalet slutta seg samrøystes til innstillinga frå rådmannen

Vedtak:

3. Bygland kommune tilrår at dei forholdstala som departementet skisserer vert halde ved lag, dvs. ein pedagogisk leiar per 14-18 born når borna er over tre år, og ein pedagogisk leiar per 7-9 born når borna er under 3 år.
4. Bygland kommune ynskjer ikkje at det vert gitt løyve til varige dispensasjonar frå utdanningskravet. Dette gjeld både med tanke på styrar og pedagogisk leiar.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Ny barnehagelov trer i kraft frå 1.januar 2006. Forslag til revidert rammeplan var sendt på alminneleg høyring 7.september 2005.

Rådmannen i Bygland kommune har hatt forslag til forskrifter til ny barnehagelov ute til høyring i barnehagane, Utdanningsforbundet, Fagforbundet og KFO. Styrar i barnehagane

fekk sjølv vurdere om høyringa skulle leggjast fram for samarbeidsutvalet. Fristen for å kome med innspel var 25.oktober 2005.

Barnehagane i Bygland, og Utdanningsforbundet i Bygland har kome med innspel til høyringa.

Rådmannen tilrår at dei forholdstala departementet skisserer når det gjeld talet på born per pedagogisk leiar vert halde ved lag. Det inneber ein pedagogisk leiar per 14-18 born når borna er over tre år, og ein pedagogisk leiar per 7-9 born når borna er under tre år.

Når det gjeld dispensasjon frå utdanningskrav for styrar og pedagogisk leiar, så tilrår rådmannen at det ikkje vert gitt løyve til varige dispensasjonar frå utdanningskravet. Dette gjeld både med tanke på styrar og pedagogisk leiar.

Bakgrunn for saka

Barne og familiedepartementet (BFD) sendte 26.september 2005 ut høyring om forslag til åtte forskrifter i ny barnehagelov. Fristen for å kome med innspel er 21.november.

Rådmannen i Bygland ynskjer ei politisk handsaming av forslaget til høyring.

I samband med den politiske handsaminga av saka vart høyringa sendt ut til barnehagane, Utdanningsforbundet, Fagforbundet og KFO. Styrar i barnehagen fekk sjølv vurdere om høyringa skulle leggjast fram for samarbeidsutvalet i barnehagen.

Til høyringa ynskja rådmannen at instansane kom med innspel til forskrifta.

Departementet foreslår at den pedagognorm barnehagen har i dag vert vidareført, det inneber at det skal vere ein pedagogisk leiar per 14-18 born når borna er over tre år, og ein pedagogisk leiar per 7-9 born når borna er under tre år. Høyringsinstansane vert særskild bedne om å vurdere om desse forholdstala er formålstenlege, eller om det bør vere andre tal på barn per pedagogisk leiar.

Under forslag til forskrift om dispensasjon og unntak frå kravet til utdanning ber departementet om synet til høyringsinstansane om det er rett å halde ved lag eigne særskilde regler for personar under førskulelærarutdanning.

Formelt grunnlag

Forslag til forskrifter til ny barnehagelov er ei oppfølging av handsaminga i Stortinget av OT.prp.72(2004-2005) om lov om barnehage (barnehageloven). Departementet har gått gjennom dei eksisterande forskrifter med tanke på kvalitet og forenkling. Det er ikkje gjort nokon større materielle endringar ut frå dei forskriftene som gjeld i dag.

Ved handsaminga av forslag til lov for barnehagen vart det vedtak om at det framleis skal vere krav til utdanning til styrar og pedagogisk leiar, og at det framleis skal vere regler for dispensasjon i forskrift. Det vart i denne samanheng vedteke at kommunen skal få kompetanse til å gi løyve til både dei mellombelse og dei varige dispensasjonane. I proposisjonen som låg til grunn for lovforslaget var det dessutan nemnd at departementet ser behov for å forenkle og harmonisere dei ulike reglane for dispensasjon som gjeld i dag. Forslaget til forskrift om dispensasjon er utarbeida med bakgrunn i dette.

Vidare fatta Stortinget vedtak, i samsvar med forslag til proposisjon, at det framleis skal vere ein pedagognorm. Det inneber ein norm for tal på born per pedagogisk leiar. Departementet har gitt heimel i den nye barnehagelova § 18 siste ledd til å fastsetje utfyllande forskrift om pedagogisk bemanning. I forslaget til ny forskrift vert den norma som gjeld i dag vidareført, det inneber ein pedagogisk leiar per 14-18 born når borna er over tre år, og ein per 7-9 born når borna er under tre år.

Det følgjer av § 12 andre ledd, i den nye barnehagelova at forvaltningslova kapittel IV og VI ikkje gjeld ved opptak i barnehage, og at det skal vere forskrift om handsaming av søknader om opptak i barnehage. Forslag til sakshandsamingsregler for opptak er utarbeid på bakgrunn av dei føringane som vart gitt i Odelstingsproposisjonen som låg til grunn for føresegna i loven. Formålet med forskrifta er å sikre at opptak i barnehagen skjer på ein måte som tar vare på tryggleiken til søkjarane og ei forsvarleg og effektiv sakshandsaming.

Forslaget til forskrift om foreldrebetaling, forskrift om familiebarnehage og forskrift om politiattest i barnehagen er i hovudsak ei vidareføring av det regelverk som gjeld i dag. Forslag til forskrift om føring av register til bruk i samband med kontroll av utrekning og utbetaling av kontantstøtte inneheld detaljregler som i dag står i sjølve lovteksten. Dei detaljerte reglane om føring av registeret vert no flytta frå lovtekst til forskrift.

Plikten til å søkje godkjenning er skjerpa i den nye barnehagelova. Enkelte verksemder som i dag lovleg kan drive utan godkjenning, vert godkjenningsspliktige når lova trer i kraft. Sida dette skjer midt i barnehageåret, foreslår departementet overgangsregler for verksemder som er i drift og som vert godkjenningsspliktige 1.januar 2006.

Vurderingar og konsekvensar

Frist for å kome med innspel var 25.oktober 2005. Barnehagane i Bygland, og Utdanningsforbundet i Bygland har kome med innspel til saka. Desse følger vedlagt. Når det gjeld forskrift om pedagogisk bemanning i barnehagen, så meiner personalet i barnehagane at det skal vere 1 pedagogisk leiar per 14 born når borna er over tre år, og ein pedagogisk leiar per 7 born når borna er under tre år per barnegruppe/avdeling. Vurdering av tal på born per pedagogisk leiar må sjåast ut frå aldersfordeling og funksjonsevne. Barnehagane meiner at det skal vere minimum ein førskulelærer/pedagog i tillegg til pedagogisk leiar per gruppe/avdeling for å ha pedagogisk bemanning i heile barnehagen si opningstid, og viser til departementet si vurdering av bemanning og samla kompetanse der eigar har ansvar for at rammeplan og krava i lova vert oppfylt. Pedagogen si plikt til å legge individuelle omsyn til grunn for det pedagogiske opplegget, slik det er presisert i barnehagelova § 2, gjelder alle born uansett opphaldstid. Departementet seier at tettleiken når det gjeld pedagogar i norske barnehagar er svært låg i forhold til våre naboland, jamfør side 9 og 12 i utkastet til høyring. Barnehagane meiner det er naudsynt med fleire pedagogar for å klare å oppfylle dei høge krava til oppfølging av born og rettleiing av foreldre som rammeplanen skisserer.

Utdanningsforbundet i Bygland meiner at forskriftene må vere konkrete når det gjeld pedagogtettleik. Ein må fastsetje kor mange born som utløyser ei 100% styrarstilling. Ein må fastsetje kor mange born det må vere i barnehagen for å utløyse ei assisterande styrarstilling.

Utdanningsforbundet i Bygland kommenterer at pedagogtettleiken er foreslått som før, men at ein også må fastsette assistentressursen i høve til gruppene. Fagarbeidarar bør erstatte assistentar. Utdanningsforbundet stiller spørsmål om kor mange born kan ein ha på ei avdeling ? Over og under 3 år ?

Barnehagane saknar krav til resten av personalet, både når det gjeld kvalifikasjonar og totalnorm for grunnbemanning.

Når det gjeld forskrift om dispensasjon frå utdanningskrav for styrar og pedagogisk leiar, så meiner barnehagane at det ikkje bør gis løyve til dispensasjon frå utdanningskrav for meir enn eit år av gongen, verken for styrar eller pedagogisk leiar. For som departementet seier på side 9 i høyringsnotatet: ” *På bakgrunn av framskriving frå statistisk sentralbyrå etc. vil det ikkje vere mangel på førskulelærarar når målet om full barnehagedekning er nådd, basert på dagens føresetnader om blant anna pedagogtettleik* ”.

Utdanningsforbundet i Bygland meiner at styrar må ha førskulelærerutdanning. Og at det bør vere vanskeleg å få dispensasjon frå utdanningskravet.

Barnehagane reagerer på at nesten 50% av høyringsnotatet er via dispensasjon frå utdanningskravet, og barnehagane meiner at ein her hadde berre trengt eit punkt.

Barnehagane meiner at forskrift om kontantstøtteordninga ikkje bør ligge i forskrift til lov om barnehage. Barnehagane meiner at den ikkje høyrer inn under barnehagen sitt administrative arbeid/ansvarsområde, og bør ikkje vere ein del av forskrifta til barnehagelova.

Bygland, 01.12.2005

Rådmann

Vedlegg:

1. Høringsnotat – forslag til forskrifter til ny barnehagelov 26.september 2005
2. Uttale frå barnehagane om høyring - forskrift til ny barnehagelov
3. Uttale frå Utdanningsforbundet i Bygland - forskrift til ny barnehagelov

Melding om vedtak sendast:

Barne- og familiedepartementet

Høring om forskrifter til ny barnehagelov

Uttale om :

Forskrift om pedagogisk bemanning i barnehage

Det skal vere 1 pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år og 7 for barn under 3 år per barnegruppe /avdeling, dette må og vurderes ut frå aldersfordeling og funksjonsevne.

Det skal vere minst ein førskulelærer/pedagog i tillegg til pedagogisk leiar per gruppe/avdeling, for å ha pedagogisk bemanning i heile barnehagen si opningstid.

Viser til departementet si vurdering av bemanning og samla kompetanse; der eigar har ansvar for at rammeplan og lova sine krav vert oppfylt.

” Pedagogen si plikt til å legge individuelle omsyn til grunn for det pedagogiske opplegget, slik det er presisert i bhg lova § 2, gjelder **alle barn uansett opphaldstid**.

Departementet seier gjentatte gonger at pedagogtettheten i norske barnehagar er svært lav i forhold til våre naboland, både side 9 og 12 i høringsutkastet.

Det er nødvendig med fleire pedagogar for å klare å oppfylle rammeplanen sine høge krav til oppfølging av barn og veiledning av foreldre.

Vi savner krav til barnehagen sitt øvrige personale, både når det gjeld kvalifikasjonar, og totalnorm for grunnbemanning.

Uttale om dispensasjon

Det bør ikkje gis dispensasjon for utdanningskrav for meir enn eit år av gangen, verken når det gjeld styrar eller pedagogisk leiar, for som dep. seier på side 9 i høringsnotatet: på bakgrunn av framskriving frå statistisk sentralbyrå etc. vil det ikkje vere mangel på førskulelærarar når målet om full barnehagedekning er nådd, basert på dagens føresetnader om blant anna pedagogtetthet.

Vi reagerer på at nesten 50 % av høringsnotatet er via dispensasjon frå utdanningskravet, vi hadde trengt eit pkt.

Uttale om kontantstøttereistering

§ om kontantstøtteordninga bør ikkje ligge i forskrift om barnehage, den hører ikkje under barnehagen sitt administrative arbeid/ansvarsområde, og bør ikkje vere ein del av barnehagelova sine forskrifter.

Høyring forslag til forskrifter ny barnehagelov.

Utdanningsforbundet Bygland handsaman høyringa til nye forskrifter i styremøte 25.10.05.

Me kom med følgjande merknader;

Forskriftene må vere meir konkrete når det gjeld pedagogtettleik. Ein må fastsette kor mange barn utløyser ei 100% styrarstilling.

Ein må fastsette kor mange barn må det vere i barnehagen for å utløyse ei assisterande styrar stilling.

Pedagogtettleiken er foreslått som før, men ein må også fastsette assistent/fagarbeidarressursen i høve til gruppene.

Fagareidarar bør erstatte assistentar .

Kor mange barn kan ein ha på ei avdeling? Over og under 3 år?

Styraren må ha førskulelærerutdanning. Det bør vere vanskeleg å få dispensasjon frå kravet.

Med helsing
Åslaug Haugå
Leiar